

Musikkforeininga

GLOPPEN MUSIKKFORUM

Glopperockfestivalen

Postboks 222

6822 SANDANE

Sandane den 21.juni 2019

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og Kulturavdelinga

Askedalen

6863 Leikanger. post@sfj.no

MERKNAD TIL VEDTAK I SAK 18 / 8535-33 - TIL SAKSUTGREIING

Gloppen Musikkforum vil med dette kome med merknad og informasjon til vedtak i sak nr 18/8335-33, vedtak etter delegert mynde av fylkesdirektøren 27.mai 2019 fatta vedtak om fordeling av kulturmidlar. Vi viser til saksutgreiinga og vedtak. Motteke 31 mai 2019.

Glopperock har i år Kari Bremnes med band som har sin einaste konsert i 2019 på Sandane. Så langt har vi selt ca. 40 % av billettane til personar utanom Gloppen Kommune, folk kjem får heile fylket til denne konserten. Vi er såleis ikkje ein lokal festival, som det vert hevda i saksutgreiinga.

Fylkesdekkande turne:

Som ein del av Glopperockfestivalen 2019 har vi i år artistane Eggum & Sivertsen på konsertturné i Førdehuset onsdag 13. november, Sogndal kulturhus torsdag 14. november og Trivselshangen Sandane fredag 15. november. I vår søknad av 1. mars 2019 har vi opplyst om konsertar hausten 2019 i Førde, Sogndal og Sandane som går inn som ein del av Glopperockfestivalen 2019. Konsertane står og som eigen post i leverte budsjett med søknaden for Glopperockfestivalen, «turnékonsertar i regionen november». I saksframstillinga frå Nærings- og kulturavdelinga står det ikkje noko om at desse konsertane inngår i Glopperock 2019. Konsertar andre stadar i regionen er noko som andre festivalar, t.d. Førdefestivalen og Gloppen Musikkfest og har.

Vi har for heile Glopperockfestivalen 2019 med konsertar i august og november budsjettert med eit billettsal på ca. 70% av totale billetter til personar utanfor Gloppen Kommune. Glopperock er såleis ein regional festival.

Kulturrådet si tilskotsordning for musikkfestivalar.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har laga seg ein strategi på at musikkfestivalar i Sogn og Fjordane ikkje skal få støtte utan at dei har fått støtte frå statlege Norsk Kulturråd si støtteordning for Musikkfestivalar. Vi meiner det er svært snevert å ikkje gje støtte til musikkfestivalar i Sogn og Fjordane utan denne støtteordninga. Norsk Kulturråd set og krav i si vurdering av søknadane som eit av kriteria, sitat; «Langsiktighet i medfinansiering frå fylke og kommune»

Det er svært vanskeleg å få støtte frå Kulturrådet si støtteordning for Musikkfestivalar, utan at ein på førehand har fått støtte frå fylkeskommunen.

Forskjellsbehandling

Fylkeskommunen har lagt seg på ein praksis ovenfor fleire musikkfestivalar i fylket, om at dei ikkje får støtte utan støtte frå Kulturrådet si støtteordning for Musikkfestivalar.

Men vi ser at fylkesadministrasjonen ser etter argument for å gje andre festivalar, som ikkje har fått støtte frå Kulturrådets støtteordning for Musikkfestival, tilskot frå fylkeskommunen.

Mellom anna har ikkje Målrock i Årdal fått støtte frå Kulturrådet si støtteordning for Musikkfestival verken i 2018 eller 2019, men kulturavdelinga leitar etter nye argument frå å gje dei støtte på kr. 50.000 i 2019 og nemner ikkje med eit ord i saksutgreiinga at festivalen ikkje har fått støtte frå Kulturrådet.

Glopperock synest det er svært fint at Målrock får støtte frå fylkeskommunen, det er ein svært god festival som fortentar støtte både frå Kulturrådet og fylkeskommunen.

Jazz på Jølst fekk heller ikkje støtte frå Kulturrådet si støtteordning for Musikkfestival, men frå Kulturrådet si Arrangørstøtteordning i 2019, men fylkeskommunen gjev dei likevel støtte som festival.

Vi meiner Jazz på Jølst er eit svært godt og positivt arrangement for Jølster og fortentar all støtte dei kan få frå Kulturrådet og Fylkeskommunen.

Slik vi tolkar dette er det forskjellsbehandling frå fylkeskommunen av musikkfestivalar med omsyn til argumentet om manglande støtte frå Kulturrådet si støtteordning for Musikkfestivalar.

Frifond

Glopperock festivalen har dei siste 3 åra fått støtte frå den statlege ordninga Frifond administrert av Norske Konsertarrangørar, med eit beløp mellom kr. 20.000 til kr.35.000. pr år. Vi har såleis statlege tilskot som bør telje med i fylkeskommunen si vurdering for tilskot til Glopperock.

Glopperockfestivalen har også i år fått tilskot frå Gloppen Kommune.

Glopperock har i alle år presentert nye talent og rekruttert unge musikarar til scena, dei siste åra t.d. Håvard Husevåg, Sofia, Halie, Vilde og Anna, Oselie, Kristianne m.fl. i samband med vår ungdomssatsing.


Gloppen Musikkforum vil og påpeike at medan liknande arrangement held på til dei seine nattetimar avsluttar Glopperock sitt hovudarrangement torsdag kl. 21.00 og fredag 21.30 noko som gjer rock og pop tilgjengeleg for alle aldersgrupper og tilreisande publikum frå heile regionen

På grunn av manglande støtte frå fylkeskommunen og andre har vi måtte redusere omfanget og storleiken på konsertar under Glopperockfestivalen 2020. Vi vil få store problem med å få Ungdomskonserten på torsdagen i økonomisk balanse.

Skal pop- og rockefestivalar kunne oppretthalde seg som ein tilretteleggar for lokale og regionale artistar og oppretthalde gode tilbod for barn, unge og vaksne, treng dei støtte på lik linje med andre festivalar for å ikkje tvingast inn i ein heilkomersiell ramme der prisane vert dyrare og tilboda for barn og unge dårlegare. I tillegg må festivalane få levedyktige rammevilkår på andre arenaer enn direkte økonomisk stønad i fylkeskommunale anlegg.

Gloppen Musikkforum vonar de tek desse merknadane med i den vidare handsaminga av støtte til musikkfestivalar.

Med helsing for styret i
**GLOPPEN MUSIKKFORUM arrangør av
GLOPPEROCKFESTIVALEN 2019.**


Remi Tystad
Festivalsjef.
Sign.

Øyvind Aasen Gloppestad
Styremedlem
Sign.

Postadresse
Postboks 222, 6821 Sandane
Tlf.: 57 86 66 16 – 97081960
www.glopperock.no

Bankkonto SSF : 3710.30.56846
Organisasjons nr. 975 607 941
Tilslutta Norsk Konsertarrangørar
post@glopperock.no

Festivalsjef Remi Tystad
Tlf. arb. 97 08 19 60
Tlf. privat mobil 97 08 19 60 Tlf. 57 82 32 76
E-mail: remi@glopperock.no